



Møteprotokoll

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Kommunestyresalen
Dato: 23.09.2022
Tid: kl 08.30 - 11.05

Fremmøtte	Representerer	Funksjon
Audun Ulstein	H	leiar
Kjersti Røyset Topphol	KrF	medlem
Inga Ishild Hareide	UAV	medlem
Øyvind Grimstad	UAV	nestleiar
Greta Kirkebø	V	medlem

Møtenotater:

Andre som møtte

Vest kontroll:

Astrid Landsverk Sande, konsulent.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS:

Bodill Skeide, dagleg leiar/revisjonssjef. I sak PS27.

Alf Marius Grønnevik, forvaltningsrevisor. I sak PS26.

Hareid kommune:

Bernt Brandal, ordfører. I sakene PS21, PS22, PS23 OS02 og PS23 OS03.

Kai-Rune Bjørke, kommunalsjef sektor for samfunnsutvikling. I sakene PS23 OS02 og PS23 OS03.

Sakene vart behandla i følgjande rekkefølge:

PS21, PS22, PS23 OS02, PS 23 OS03, PS25

Pause kl. 09:31 - 09:47

PS26, PS27, PS28, PS29, PS30, PS31

Møteslutt 11:05.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 21/22	Godkjenning av innkalling og sakliste	22/1863
PS 22/22	Godkjenning protokoll	22/1863
PS 23/22	Orienteringar	22/1863
PS 24/22	Kommunale tomtekjøp - kjøpekontrakter	22/909
PS 25/22	Referatsaker	22/1863
PS 26/22	Forvaltningrevisjonsprosjekt Forvaltning, drift og vedlikehold kommunale bygg - Rapporten	22/1828
PS 27/22	Forenkla etterlevingskontroll 2021 - Revisjonsmelding og rapport	22/1854
PS 28/22	Gjennomgang av møteprotokollar	22/1863
PS 29/22	Vedtaksoppfølging	22/1095
PS 30/22	Saker til eventuell seinare behandling	22/1863
PS 31/22	Kvartalsrapport Hareid Kommune 1. kvartal 2022	22/1885

Hareid, 23.09.2022

Audun Ulstein

PS 21/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

PS 22/22 Godkjenning protokoll

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

PS 23/22 Orienteringar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
02/22	Kommunedirektøren - Orientering Nesselva friluftsområde
03/22	Kommunedirektøren - Orientering om vassledning på Riise

Vedtak:

1. Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.
2. Leiar og nestleiar i kontrollutvalet vil være med kommunalsjef Kai-Rune Bjørke på ei synfaring ved Nesselva og orientere om dette til resten av kontrollutvalet før ein avgjer om ein skal gå vidare med saka.
3. Kontrollutvalet ber sekretariatet om ei politisk sak til neste møte vedrørende vassledning på Rise.

Behandling:

OS02 Orientering Nesselva friluftsområde.

Kommunalsjef Sektor for Samfunnsutviling Kai-Rune Bjørke orienterte og svarte på spørsmål.

OS03 Orientering om vassledning på Riise

Kommunalsjef Sektor for Samfunnsutviling Kai-Rune Bjørke orienterte og svarte på spørsmål.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

PS 24/22 Kommunale tomtkjøp - kjøpekontrakter

Vedtak:

Saka vert utsett til neste møte.

PS 25/22 Referatsaker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
06/22	FKT - Veileder handtering av henvendingar til kontrollutvalet

Vedtak:

Referatsaker vart samrøystes tekne til vitande.

PS 26/22 Forvaltningrevisjonsprosjekt Forvaltning, drift og vedlikehald kommunale bygg - Rapporten

Vedtak:

Kontrollutvalet kjem med slik tilråding til kommunestyret:

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningrevisjonsprosjektet Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg - Hareid kommune, utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, datert 09.08.2022.
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine tilrådingar skal følgjast/utførast:
 - a. Kommunen skal sikre ei løpande rapportering på overordna mål som går fram i eigedomsstrategi og vedlikehaldsstrategi.
 - b. Kommunen skal vurdere om heile den kommunale bygningsmassen skal tilstandsvurderast og registrerast mht. areal.
 - c. Kommunen skal vurdere å innføre ei systematisk rapportering til kommunestyret (jfr vedlikehaldsplanen).
3. Kommunestyret vedtek at kommunedirektøren rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan 01.05.2023.

Behandling:

Forvaltningsrevisor Alf Marius Grønnevik orienterte og svarte på spørsmål.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet kjem med slik tilråding til kommunestyret:

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningrevisjonsprosjektet Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg - Hareid kommune, utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, datert 09.08.2022.
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine tilrådingar skal følgjast/utførast:

- a. Kommunen skal sikre ei løpande rapportering på overordna mål som går fram i eigeomsstrategi og vedlikehaldsstrategi.
- b. Kommunen skal vurdere om heile den kommunale bygningsmassen skal tilstandsvurderast og registrerast mht. areal.
- c. Kommunen skal vurdere å innføre ei systematisk rapportering til kommunestyret (jfr vedlikehaldsplanen).

PS 27/22 Forenkla etterlevingskontroll 2021 - Revisjonsmelding og rapport

Vedtak:

1. Kontrollutvalet viser til Revisjonsuttale om forenkla kontroll med økonomiforvaltninga 2021 - etterleving av retningslinjer og vedtak for økonomiforvaltninga og tek til vitende at kommunen:
 - a. med unntak av konklusjonen om atterhald i revisjonsuttalen har kommunen i det vesentlege etterlevd rutine/retningslinjene som er vedtekne vedkomande registrering av fleksitid, kontroll av overordna og arkivering
 - b. i det alt vesentlege har etterlevd føresegnene i ferielova og rutine knytt til søknad om overført ferie og uttak
2. Kontrollutvalet registrerer at avdekka forhold har vore kommunisert med kommunedirektøren, og ber om tilbakemelding innan 30.03.2023 om manglane som var avdekka for 2021 fungerer tilfredsstillande frå 2022 av og vil fungere framtida.
3. Kontrollutvalet registrerer at fleksitid vert registrert på manuelle ark hos den enkelte og oppmodar administrasjonen om å ta i bruk eit elektronisk system.

Behandling:

Dagleg leiar i Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, Bodill Skeide, orienterte og svarte på spørsmål.

Dagleg leiar si tilråding:

1. Kontrollutvalet viser til Revisjonsuttale om forenkla kontroll med økonomiforvaltninga 2021 - etterleving av retningslinjer og vedtak for økonomiforvaltninga og tek til vitende at kommunen:
 - a. med unntak av konklusjonen om atterhald i revisjonsuttalen har kommunen i det vesentlege etterlevd rutine/retningslinjene som er vedtekne vedkomande registrering av fleksitid, kontroll av overordna og arkivering
 - b. i det alt vesentlege har etterlevd føresegnene i ferielova og rutine knytt til søknad om overført ferie og uttak
2. Kontrollutvalet registrerer at avdekka forhold har vore kommunisert med kommunedirektøren, og ber om tilbakemelding innan 30.03.2023 om manglane som var avdekka for 2021 fungerer tilfredsstillande frå 2022 av og vil fungere framtida.

PS 28/22 Gjennomgang av møteprotokollar

Vedtak:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

Behandling:

Protollen frå kommunestyret **15.09** har akkurat blitt publisert, så denne må bli med på gjennomgang av møteprotokollar til neste møte.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

PS 29/22 Vedtaksoppfølging

Vedtak:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

PS 30/22 Saker til eventuell seinare behandling

Behandling:

Det kom ikkje fram opplysningar som ga høve til vedtak.

PS 31/22 Kvartalsrapport Hareid Kommune 1. kvartal 2022

Vedtak:

Kontrollutvalet tek kvartalsrapporten og finansrapporten for 1. kvartal 2022 til vitende.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek kvartalsrapporten og finansrapporten for 1. kvartal 2022 til vitende.